


Stadnamn på Har-.

Av Finn Myrvang



Harrån(en) eller Harrålen (andre uttalevariantar Arrålen og Ærrålen) er eit fjell på Ytter-Anda, dvs. på nordre Andøya, betre kjent under namnet **Sverigetinden** (512 m), det siste utan tvil tillempa norsk form av sam. *suorge-* "forgreining-", "gaffeltind-", eit namn som fortel korleis fjellet ter seg frå aust. Biletet ovanfor viser derimot fjellet frå vest, med to-tre berghumpar oppå kanten av snauheia og med eit eldgammelt fangstgjerde for villrein under.

Fråveret av gamle skriveformer gjer det vanskeleg å vurdere uttaleformene. Frå ei side sett kan *Harrånen* vere ei ung uttaleform av *Harrålen*, men det er ikkje lett å fastslå kva «ål» det i så fall var tale om - kanskje det menneskeskapte fangstgjerdet?

I alle tilfelle var det namneforma *Harrån(en)* som i lokal tradisjon vart assosiert med norrønt *hçrund* n (og f) «lekam/legeme, kropp/kjød», særskilt då i tydinga mannslem. Her fjernar parallellnamnet **Karen** og méda "Karen i Reva" (Håløygminne 1962:38 og 80, 1963:198) all tvil. Det er likevel ikkje slik at fjellet er slåande fallosforma, og parallellnamna Keipen og Sverigetinden attåt uttalevariantane *Harrålen*, *Arrålen* og *Ærrålen* gjer at folkeetymologien må takast med ei klype salt.

Nammeleddet **Har-** (kort a) i tydinga "stein(grunn), berg(grunn)" er utbreidd her nord, sjå litt seinare. Med tanke på at fjellet er snautt og steinfullt kunne *Harrån* utvikla frå **harron(d)* <**harund* gje god meining, sjå døme på det lenger fram, men mistenkeleg er det då at namnet ikkje har fått palatal *-n(d)* i utlyd.

Det kan vere på sin plass å spandere eit par sider på nokre namn som høyrer til lenger sør i landet og som setter nordnorske namn inn i ein vidare samanheng. Her har eg hatt stor nytte av Eva Nymans arbeid "Nordiska ortnamn på-und" (Uppsala 2000):

Harunda(n) heiter ei elv i det tidlegare norske distriktet Idre i Dalarna. Ho kjem frå Harundsjön (heitte også Hörundsjöarna, Hurusjöarna før). Vi siterer: «Trakten kring såväl sjön som älven er stenig ... och på somliga håll finns stora ansamlingar av lösa stenbumlingar. I sjön finns enligt uppgift på platsen en hel del stenar och hållar. Ån Harundan forsar över stenrammel och hållar och är särskilt i början av sitt lopp omgiven av veritabla stenfält» (Nyman 307ff).

Hurunda (hurrunna) kjem med bratt fall frå Hurundsjøen i nordaust, renn forbi gnr. 13 i Rennebu Horstad (af Horundzstadhum ca. 1430) og fell ut i Orkla. Eva Nyman påpeikar at «Horunda har ett ganska snabbt, forsande lopp; ån kommer från fjällen ovanför Rennebu och rinner djupt nedskuren när den passerar in i den odlade bygden kring Orkla. Nere i ravinen forsar Horunda genom trånga klyftor och över väldiga "trappsteg" av hållar». Konklusjonen blir at namnet går tilbake på eit gno. *Hçrund f "den som kænnetecknas av sten, stengrund" (325f). Jamfør det svenske og stort sett nokså samnordiske *har* "stein(grunn)".

I tillegg kunne i Hurunda sitt tilfelle seiast noko liknande som når det gjeld Harunda, nemleg at «trakten kring såväl sjön som älven er stenig», for her er talrike store og små *fjellknattar*. På lokalkartet er Ner- og Øverknappen og Skrufjellet nemnt, som dei mest markante, og Skru(v)fjellet med Skruvtjørna litt lenger sør heng saman med *skruv* m "topp, det øvste", jfr. gno. *skrúfr* "hårtopp". Samanlagt finst mange fleire, og lendet kring Hurundsjøen er (trass i myrdrag) svært kupert.

Horenda, Hårrenna (hårrenna) kjem frå Harsjøen og osar ved Hornset i Øvre Rendalen (NE 108+89). Det heftar av ymse årsaker meir uvisse ved dette elvenamnet, men siste del av elvefaret liknar Hurunda: «Hårrenna går under den senare delen av sitt lopp djupt nedskuren i en trång, otillgänglig dal mellan bergväggar.. [og kan] vid snösmältning och regn växa kraftigt och föra ned sig en myckenhet sten». Så Nyman hallar mot same forklaring her (s. 334) som for Hurunda.

Vi ser i Harunda og Hurunda sitt tilfelle at det er fokusert på stein i elvefaret, men at berglandskap samtidig karakteriserer kjeldesjøområdet. Det er her på sin plass at vi får med oss, trass i den reint nordiske etymologien *hçrund <*har "stein(grunn)", at sørsam. *horroe* står for "knaus" medan lulesam. *horro* (hårrå), genitiv *horo* tyder "steinvarde, rauk", eigentleg eigtl. "hop" (Qvigstad 1944: nr 394). Noter òg Collinder, *horre*, genitiv *hore*: "hop (av föremål)". Desse samiske termene minner både i form og tyding så sterkt om gno. *hçrgr* "oppkasta el. oppmura steinhaug" at det ikkje kan vere rein slump, og eit samisk *horunč om eit lende som det ved Hurrunda gir god meining med tanke på sørsam. *horroe* "knaus", men blir i siste instans nordisk det òg.

Det utvida aspektet "landskap med stein og berg og knausar" kjem i alle tilfelle fram der Nyman o.a. drøftar språkleg nærslekta namn som *ikkje* har med vassfar å gjere:

Harestad i Båhuslen går i ei mellomnorsk kjelde 1354 for Harundstada sokn, mens det år 1388 derimot heiter "j **Harondastaf**" og "i Harundastad" samt Harundarstafs k(ir)kia, firir Harundstaf og Harundastafs kirkia 1399, vidare i Harundastaf og j Harundastafs sokn (Eva Nyman:199f). Namnet har vore mykje diskutert, og for terrenget på sjølve kyrkjestaden, i dag kalla Kyrkeby, gjeld flg.: "Upp mot nordost strækker sig flera långdragna bergsformationer, som riktar sina rundade ändar mot det slätare området vid byn och kyrkan. Det är alltså inte fråga om endast en sådan terrängformation utan om flera" (Nyman: 212).

Det har rådd tvil om hovudleddet i Harund(a)staf verkeleg var *staf* eller staðir, men dei fleste namnegranskarar hallar til det første. I dei mellomnorske kjelder er genitiv eintal Harundar- unnatak, vanlege ordføying er genitiv fleirtal Harunda-, og eg vil då i samsvar med den omtalte topografien legge *harunda- "område med knausar" til grunn for mi namnetolking. Merk då flg.: Kartskisse over strandkonturen på staden viser at ved 5 meter høgare vasstand blir Nordre älv ein fjord med ei smal vik (ein os) på nordvestsida - opp mot det omtalte området nordaust for kyrkjestaden som rimeleg nok er ei gammal båtlending. Det kan også forklare kjeldevaklinga staf/stad: (båt)*stø* blir i svenske dialektar til *stad* (de Vries) medan ordet i samiske former staðfo, starfo, staffo går tilbake på den urnordiske forma *staþwó. Med andre ord er då Harundastaf sannsynlegvis ei "sementert" alderdommeleg namnelaging, isolert frå språkutviklinga elles.

I samband med Hurrunda, Harunda(n) og Harundastaf vil eg under langt større tvil også nemne Harodalen i Saltdal: I flg. Qvigstad er det samiske namnet **Hārō** eller **Hærō** (lang æ). Innerenden av dalen mot sør, oppunder det dominerande **Steinfjellet** (Gierggetjåhkkå), heiter **Hārō-giera**. Der er **Hārōjåhkå** = **Haronelva** nærmast kun ein bekk, men lenger nord blir dalen vidare og elva større, og her kjem fjellhumpar på rekke og rad: **Harodalshågan** (nærast dalen), **Kvassteinhågan**, **Kvassteinheian** med **Harontjønna** tett vestom (Qvigstad nemner ikkje tjønna), **Kvassteinryggen** lenger aust, o.a. Haronelva skaper eit særmerkt delta der ho fell ut i Kvitbergvatnet, men det er vanskeleg å finne noko ord for delta (øyr) som går naturleg saman med Haro.

Hārō, Hærō minner mest om *har*, *hær* "steinmark", og såleis ville namnet høve for heile snaufjellområdet (dalen medrekna), men det ville også eit nordisk *haron(d) < *harund, medan dei seint innkomne kartnamneformene Haronelva og Harontjønna minner meg om ein (sør)samisk genitiv **Haro-n-**. Minst truverdig blir *Háró = *Hára som evt. norrønt namn på Haronelva, for det er ikkje ho som er steinut. Problematisk er i alle høve lang vokal a/æ i Haro, Hæro.

Men Qvigstad seier klart at Haro er namnet på *dalen*, og Amund Helland fortel at «Harodalen er om sommeren vanskelig farbar, da der er mange smaaelve og bløde myrdrag» (Nordlands-bindet av "Norges Land og Folk"). Tilfeldig eller ei, nordsam.

arro, *ar-* vil nettopp seie "hindring, hefte, forstyrrelse, besvær" (K. Nielsen), mens lulesamisk har tilsvarande verb *árret* "hindre" og *árrut* "bli forhindra, hefta". - Den andre varianten av dalnamnet, Hæro, minner på si side like klart om nordsam. *ærrø*, *ær-* "deling" (på veg eller stig), og stigar som greiner seg i fleire leier er høgst karakteristisk for begge endane av Haro. Men tolka på det vis blir framlyden *h* i Haro, Hæro eit uforklart og tilsynelatande usamisk fenomen.

På svensk side har dei eit like problematisk fjellnamn, nemleg *Árranoajvve* i Jokkmokk (oajvve tyder hovud). Som tyding fører Collinder opp samisk *árran* "eldstaden i kåtan", men har også ein variant *Áran-* og gir her som samisk tilleggsforklaring at «ätna ára lä tannë»: marka er steinut der. Så seier han då også om *árran* (frå nordisk arinn, árin "eldstad, gruve") at det folkeetymologisk synest å bli stilla saman med *ára* «stenör, med småsten täckt mark, moränlager, blockmark (där snön ligger länge kvar på våren); tämligen jämn grustäckt steril mark uppe i fjäll nedanför topparna, där jöklar nyligen delvis har töat bort och där renarna brukar stå när det är varmt om sommaren» (Collinder 1964: 51).

Han har tilmed *aron* som eiga tilvisingsform av det same áran (istf. árran), og ikkje nok med det, *ára* "steinmark", gen. *árraka* kan førast attende til urnordisk akkusativ **haruȝa* av eit ordet som i norrønt lydde *hǫrgr* m, dvs. oppstabla eller oppkasta steindunge. Naturlegvis særst interessant i samband med fangstgjerdet på Harrån(en), men i første rekke ventar vi ein slektskap mellom **haruȝa*, *aron* og Haro(n): "Gerade bei den ältesten Lehnwörtern wird das anlautende nord. *h* bei der Übernahme ins Lappische oft weggelassen", understrekar Tryggve Sköld (1960:50), med vising til Qvigstad. Men i tilfellet Haro(n) har altså *h*-en halde seg i uttalen, mens eit samisk aspekt for Harrån(en) sitt vedkommande er usikkert i alle fall.

Nemnast bør at eit ord som norr. *jǫtunn* "rise" vart til *jǫtul*, *jǫtel* i norske målføre (Jotunheimen er eit nylaga namn), og det gamle *himinn* vart bytta med himmel. Parallelt med det vil vi merke oss at *arinn* "eldstad" i gammalsvensk heitte *arin*, men også omlydd *ærin*, seinare *äril*. Her blir det påfallande at fjellet på Ytter-Anda heiter både Arrålen og Ærrålen, vel rettare *Errålen. Det har seg nemleg slik, i Andøy-mål iallfall, at *-ål* er blitt samform for norrønt *-ill*, *-all*, *-ull*, jamfør skåttål < skutill, tåmmål (tommel) < pumall, og tennål (hardved) < pinull. Det kan i samband med *jǫtunn* > *jǫtul* òg nemnast at forma *jǫtul* held seg i stadnamn i Sømna, til forskjell frå *jǫttel* på Anda, *jyttel* i Bjarkøy og *jyttål* i Sandtorg (Hm. 1960: 436 o.a.). Vi tør vel då i Andøya sitt tilfelle rekne med opphavlegare namneformer *Aral(en), *Eril(en), og det er eit hauvbrott at det gamle arinn (árin), áran ved «rein folkeetymologi» ovrar seg i to fjellnamn frå Jokkmokk og Andøya som begge i høg grad har med steinmark å gjere!

Den uttalerette namneforma Harrålen, Harrån(en) må vurderast for seg, kor som er, og det er av underordna interesse at namnet vart assosiert med det omtalte "populære" *hǫrund*. No har Nordland ikkje reint få stadnamn som kjem av gno. *hǫrgr* som det fører for langt å omtale her, men *g*-en har falle bort i uttalen, og då inntreer iblant

såkalla «erstatningsforlenging» av vokalen, slik at hor(g) blir til hår- med lang å. Men om fjellet på Andøya heiter det i alle tilfelle aldri *hårrånen, *hårrålen, så vi bør nok heller tenke beinveges på *har* (steinhar) "steingrunn", især av di Nordland nesten kan seiast å ha ein vrimmel av lokalitetar **Harhågen** og **Harvollen** (alltid kort a) som er stein- eller bergfulle; det gjeld òg for stader kalla Harbakkan, Harvegen, Haråkeren. (Ein evt. uttale med lang a og især tjukk l måtte derimot peike i retning adjektivet *hard*.) Det ser såleis ut til at vi for Harrålen tør rekne med ei opphavsform **har-all* med *har* i den tyding som nyss er nemnt, jfr. kva som er sagt om avleiings-endingane -all, -ill, -ull like framfor, og dessutan har vi shetlandsk *harel* ""knudret og ujevn klippegrund" å samanlikne med.

Alternativt kunne Harrålen vere samansett av *har* + gno. *áll* "rand, stripe"; det siste ordet har vore lagt til grunn for tolkinga av bygdenamnet **Ål(en)** i enkelte tilfelle. Men det blir dristigare, for den einaste overtydande randa eller stripa er i så fall det menneskeskapte steingjerdet, og andre ål-namn på våre kantar går på *áll* = "djupål" (i elv eller fjord), noko som sjølv sagt er uaktuelt her.

Det er alt nemnt at namneleddet Har- (kort a) i tydinga "berg(grunn)" o.l. er utbreidd her nord. Det bør òg nemnast at ei sideform Her- (oftast med kort æ) i same tyding også er vél kjend. Gode døme er **Herøya** i Steigen og Tysfjord og **Hergøt**, språkleg og historisk rett **Hergøta** (hærrgåtta) i Narvik: Ein eldgammal stig fører frå Hergotgardane og til fjells, i sørkant berglendet ovanfor. Det er ein klar parallell til den steinute **Harvegen**, Hadseløya (der dei også har Sandgøta). **Hernes** i Bodø har no fått urban leseuttale med lang æ, men oppført kort æ i NG er truleg det historisk rette.

Hestad eller **Hæstad** gnr. 51 i Dønna går for Herstadom hos Aslak Bolt, seinare blir r-en borte i kjeldene. Uttalen lyder nærmast som "hæstæ, jfr. skriveforma «Hesta» og «Hestha» så tidleg som 1567 og «Hestan" 1647.

Herstad gnr. 10 i Meløy er eit nærslekta namn: Uttalen er "hærstæ, men då med tydeleg *rs*. Men gamle skriveformer er Harestaid og Harestaad 1567, Harestad 1610, Harrestad 1614, 1647, 1661, Harestad 1723. Samanlikn gnr. 3 i Meløy, **Harfjell** (kort a) skrive Hareffieldt NRJ III 166, Harrdfield, Haerdfiell og Herdefiell 1567, Hardfelltt 1614, Harrefield 1647, Harefield 1723. (Sjølve fjellet heiter Harfjellet eller Tinden).

Jamfører vi dei to gardsnamna frå Meløy, særmerker Herstad seg ved å ha heitt Harestad før (etter alt å dømme med kort a). I Harfjell sitt tilfelle er skriveformene meir sprikande, men Rygh tvilar med rette på tolkinga «hardfjell»: Ikkje berre uteblir då forventa «tjukk l» for rð, men i tillegg er her *kort a* (lang a i NG er ikkje korrekt).

Nærmare vurdering av *her* vsa. *har* har interesse, men helst i ein samanheng der eit samla namnemateriale er med. Meir folkeleg interessant blir spørsmålet om Herstad i Meløy = historisk Har(e)stad eigentleg er det same som bynamnet **Harstad**? Der finst det skriveformer som Harrestaa 1567 og Harrestad 1614, i aller beste samsvar med

dagens uttale med kort a; heller ikkje Harstodom DN VI 228 eller Harstad hos Olav Engelbrektsson taler imot ein historisk kort a. Det store unnataket er vid Hardstada, af Hardstodom i AB 100, som Rygh held seg til når han les Harstad som *Harðarstaðir, til mannsnamnet Hçrðr.

Eg har ikkje noko fasitsvar, men etter dagens kunnskap er det i høg grad på sin plass å vere skeptisk til dei personnamn-fundererte stadnamntolkingane når terrengbaserte forklaringar er passsar betre. Dei eldste skriveformene vi har av gardsnamnet Harfjell i Meløy, Hareffieldt 1521-22, Harrdfield, Haerdfiell, Herdefiell 1567 og Hardfelltt 1614, er så sprikande at vi kjem i eit uføre dersom vi ser bort frå den tradisjonelle uttalen og ved hjelp av dei prøver å finne ei anna og meir opphavsrett skriveform enn Harfjell(et). Heller ikkje naturnamnet Harfjellet i Rana blir uttalt med tjukk l, det eg veit.

Harstad-namnet vedkjem 3-5 matrikkelgardar, alt etter korleis ein vinklar og vektlegg saka (NG 17: 21). Vi kan altså mykje vel ha med eit ekte *staðir*-namn å gjere, medan eintalsform *stað* i tyding stø, lending, båtplass melder seg sterkare for tanken dersom gnr. 61 **Harstadhamn** er det primære. Eg trur nok at «steinut buplass», «innmark(er) kransa av berg» eller evt. «lending innimellom berga» er betre arbeidshypoteser enn personnamn-teorien, men dette vil folk med god lokalhistorisk kunnskap om Harstad kunne vurdere.

Allment, ikkje spesielt med tanke på bynamnet Harstad, bør også seiast at det gamle *har* "steingrunn" faktisk kan vere både han-, ho- og inkjekjønsord i svenske dialektar. Ikkje nok med det, ordet kunne også ha linn form *hari* m eller *hara* f, og variasjonen var neppe mindre på norsk side! Eit eintalsbasert *harstaðir (om steinut område) blir endefram, likeins *harastaðir basert på genitiv fleirtal av *har* n, m – eller også med *hara* som genitiv eintal av *hari* m. Dette same *harastaðir vil ved vanleg uttaleslitasje med tida bli *haresta(d) > *harsta(d). Ei namnelaging basert på *hara* f ville derimot regelrett gje *hçrustaðir > *hørsta(d), *hårsta(d), vanskeleg å skilje frå *hçrgstaðir.

Alt dette er innfløkt for oss, men var som fot i hose for folk med eit levande norrønt talemål som fekk vanleg kasusbøying inn med morsmjølka.